

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i adventstida - 7. desember 2014

Preiketekst: 1 Kor 15, 50-57

Lesetekst I: Jes 65, 17-19

Lesetekst II: Luk 21, 27-36

## Der det nye livet lever

### Til dagen:

Andre søndag i advent har fokus på det grunnleggande i kristentrua: Guds nyskaping. Begge lesetekstane understrekar dette, og preiketeksten er henta frå sjølve *oppstodekapitlet*, 1 Kor 15.

Ved Kristi oppstode hender noko prinsipielt nytt: Lovnadane frå GT om Guds fornying, Guds nye liv til alt det skapte, er først oppfylte på han. Han er førstegrøda; ei førstegrøde er ein forsmak, og ber von i seg om den kommande innhaustinga. 1 Kor 15,20: *Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn.*

I livssamfunnet med Kristus omfattar lovnadane alle dei som ”kjem til Gud ved han”. Hebr 7,25: *Difor kan han òg fullt og heilt frelsa dei som kjem til Gud ved han, sidan han alltid lever og går i forbøn for dei.* Dåpen sameinar oss med Kristi død og oppstode. Det er altså ein søndag i det *nye livets* teikn.

Adventstida forkynner slutten før byrjinga: Kristi andre komme før den første.

### Preiketeksen og forfattere

Denne teksten er den triumferande avslutninga på Paulus sitt oppstodekapittel. Som farisear hadde han høyrte til den gruppa i Jesu samtid som forsvarte oppstode-trua. Noko av det han skriv, kan synes å vere farga av den polemikken som var vanleg mellom farisearane og saddusarane (prestepartiet) – dei sistnemnde forfekta *ikkje* tru på oppstode frå dei døde. Men Paulus har fått eit nytt forteikn på livet sitt etter at han hadde det skjellsettande møtet med den oppstandne Kristus utanfor Damaskus. Han *kan* sjølv sagt ha møtt Jesus medan han lærde og forkynte – men det er erfaringa av den nye dimensjonen ved Jesus etter oppstoda som har overtydd han, gjort han til ein Jesus-truande jøde. Alt han før sette si lit til som ein gudsdyrkande jøde, er bytta ut mot det nye livet Jesus gjev.

Historia til dei Jesus-truande jødane fortel oss at det mellom dei første kristne, fanst fleire av den fariseiske gruppa. Kanskje eit memento når klisjeen ”farisear” vert brukt som nemning på ein motstandar av Jesus.

## Vanskelege omgrep

vantar det ikkje på i dette kapitlet. Paulus tumlar med tankane om det forgjengelege og det uforgjengelege, det skapte og det nyskapte, kropp og sjel, ånd og materie, dødeleg og udøyeleg. For dagens predikant gjeld det vel å ikkje gå seg bort i desse omgrepa, men finne eit hovudfokus.

Det Paulus gjennom heile kapitlet slår fast, er at når Gud skapar noko nytt, så gjer han det ikkje halvvegs. Kontinuiteten er der, men det fullkome nye har teke over. Han brukar mellom anna biletet av kveitekornet for å illustrere dette.

### Eg... ikkje ein framand

Som Job i GT gjennom mange prøvingar måtte erkjenne at *Gud er Gud* ("Den Veldige") og han sjølv berre eit lite menneske som ikkje kan sjå inn i Guds vise råd, så er Paulus oppteken av å få fram at så ufatteleg det enn er, så kan Skaparen også nyskape – men at det er *det same mennesket* som lever i æva.

*Job 19: Eg veit at min utløysar lever. Som den siste skal han stå fram i støvet.*

*Når huda er riven av meg og kjøtet er borte, skal eg sjå Gud. Mine auge ser, det er eg som får sjå han, ikkje ein framand. Mitt indre fortærest av lengsel!*

Ufatteleg - men på den andre sida: Den som for alvor trur på Skaparen, kan også ha tillit til at han kan gjere alle ting nye.

Sjølv om det i aposteltida levde forventning om at Herren skulle komme att i deira levetid, er likevel budskapet gjennomgåande: Vi veit ikkje når det skjer, men det skal komme brått og uventa. Vers 52: *...i hast, i ein augneblink, når den siste basunen lyder.*

Dette er også tema til dømes i 1 Tess 4,13 – 5,11, der poenget er: Ver vakne, lev livet til Guds ære.

Apostlane tek Jesu ord på alvor, slik vi mellom anna høyrer dei i leseteksten frå Lukasevangeliet denne søndagen.

## Omskaping – individuell og altomfattande

Det skal skje ei omskaping ved Herrens komme, også av dei som enno er i dette livet når Herren kjem. Det er tale om ei individuell nysskaping – og om ei altomfattande nyskaping: av heile skaparverket – og ei fornying av Gudsfolket i den gamle pakt, jamfør dagens Jesaia-tekst: *Gled og fryd dykk til evig tid over det som eg skaper! For sjå, eg skaper Jerusalem om til fryd og folket der til glede.*

*Den siste fienden som blir gjord til inkjes, er døden, skriv Paulus i vers 26. I vår tekst siterer han frå profeten Hosea: Død, kvar er din pest? Dødsrike, kvar er di sott?*

Bibelen sitt samla vitnemål er at denne sigeren over døden er knytta til trua på Jesus Kristus her og no: 1 Joh 5: *Og dette er vitnemålet: Gud har gjeve oss evig liv, og dette livet er i hans Son. Den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son, har ikkje livet.*

## Lova si rolle

"Brodden" var namnet på den kvasse spissen på ein oksekjepp, som stadig dreiv det arme dyret framfor seg. Konstant å komme til kort overfor lova sine krav, fører til synd og død, til trelldom under frykten for døden. Ved sin død har Jesus gjort soning for alle lovbrøt, og brodden har mista si kraft: *Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!*

Budskapet om oppstoda - og endetidsperspektivet - skal gi oss, Herrens folk i denne verda, både trøyst og lengt etter det nye og fullkomne.

Men konklusjonen i kapitlet er ikkje draumen om ei ny framtid, men oppmodinga til aktiv innsats. Medan vi ventar, er det tid for å ta del i Herrens gjerning, som nye skapningar i Kristus.

Oppstodetrua er både fast grunn under føtene - og motivasjon til handling. Når den endelege sigeren er viss, når målet er i sikte, gjev det styrke og mot i motgang og kamp for evangeliet. Og kva meir er: Den som har del i det nye livet, kjempar ikkje lenger i eiga kraft.

To salmar frå (den nye) salmeboka er verd å nemne:

697: Der det nye livet lever

899: Jeg tror på jordens forvandling

### **Annbjørge Eiksund Hesselberg**

Pensjonist. Tidlegare medlem av Landsstyret i Den Norske Israelsmisjon, og fleire år tilsett som misjonssekretær i Israelsmisjonen.

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)